

Langfredag - den store turdagen på sjø og land.

10.04.2020



Det var trøgt om plassen på Sørestølen i Eikedalen i går på Langfredag.

**Det er sjeldan det er trøgt om plassen for parkering på Sørestølen på Eik, slk det var i går på Langfredag. Det var registrert stort utfart på fjellet, i nærområde og på sjøen. Familien Sæle/Kårstad brukte dagen på Flåtene i Eikedalen til leikar, påskerebus, aktivitetsløype og eventyrstund, ein tradisjon som vart nokon avkorta i år grunna koronasmitten.**

Mange la som vanleg turen til Fjellandsbø med grilling og sosialt samvære i gapahuken ved Fjellandsbøvatnet. Andre var på Hauglandsfjellet og på Låganoso. Manen er eit populært turmål og Skorpefjellet er alltid på topp ti lista, særleg dersom ein har båt.



Nokre av familiene Kårstad/Sæle er klar for den tradisjonelle framfamiliedagen i påsken.

Det er meir usikkert med veret resten av påskehelga. Med innever kan det kanskje vera ei trøyst at Rosendal Bokhandel har fått inn ei mengde puslespel og andre brettspel. Ikkje vent med å sikra deg eit spel av eit eller anna slaget.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Ann Irene Sæle/ Kristian Bringedal



Grilling høyrer med til ein familietur i påskan.